



Notat

Dato: 06.06.2016
Arkivsak: 2015/1434-3
Saksbehandlar: bjomidt

Til:	Fylkesutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomitéen om nye folkevalde regionar

Bakgrunn

Stortinget ba 18.6.2014 regjeringa gjennomgå oppgåvene til fylkeskommunane/eit regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gje fleire oppgåver til kommunane. Regjeringa la 5.4.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver. Kommunal og forvaltningskomitéen har no handsama meldinga og fremja 2.6.2016 innstilling 377S (2015 – 2016). Innstillinga¹ skal handsamast i stortinget 8.6.2016. Dette notatet gjev ei oppsummering av dei viktigaste fleirtalsmerknadane til komitéen.

Frå merknadane i innstillinga

Fleirtalet i komitéen viser til at det framgår av meldinga at regjeringa vil bygga vidare på dei rollene, oppgåvene og funksjonane fylkeskommunen har i dag og at samfunnsutviklarrolla er ein av dei viktigaste rollene dei nye folkevalde regionane skal fylla.

Omlag 10 regionar

Det er fleirtal i komitéen for regjeringa sitt forslag om at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Fleirtalet i komitéen ber regjeringa foreta ei balansert og samla vurdering av ny regionstruktur i lys av måla med reforma og kriteria for ny struktur, etter at fylkeskommunane har fatta sine vedtak, og leggja fram forslag for Stortinget til inndeling av det nye regionale folkevalde nivået på omlag ti regionar.

Grensejusteringar

Fleirtalet meiner at regionane bør utgjera funksjonelle einingar. Samanhengande bu- og arbeidsmarknader bør som hovudregel ikkje delast. Fleirtalet i komitéen viser til at regionreforma vil få konsekvensar for samhandlinga mellom kommunane, regionen og staten. I grenseområda mellom dei nye regionene kan det også vera ulike meiningar om kor regiongrensene skal trekkast. Det er derfor viktig at kommunane engasjerer seg og deltar i prosessen med regionreforma. Kommunane sine innspel må også vektleggast i det vidare arbeidet med regionreforma

Regionar frå 1. januar 2020

¹ Innstilling 377S (2015 – 2016) <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2015-2016/inns-201516-377/>

Fleirtalet viser til at departementet ber fylkeskommunane om å fatta vedtaka sine innan 1. desember 2016. Fleirtalet i komitéen vil gjennomføra kommunereforma og regionreforma samstundes, slik at både nye kommunar og nye folkevalde regionar kan tre i kraft frå 1. januar 2020.

Infrastruktur

Fleirtalet støttar regjeringa sitt forslag om at hovudmodellen for vegansvar mellom stat og fylkeskommune/region, skal oppretthaldast. I arbeidet med rullering av Nasjonal transportplan vil det bli vurdert omklassifisering av enkelte vegstrekningar med sterke næringsinteresser – som Stortinget har bedt om. Fleirtalet i komitéen ber om regjeringa i regionreformen sørga for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt dei nye folkevalde regionane. Det var ikkje fleirtal i komitéen for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevald nivå.

Fleirtalet ber regjeringen overføra tilskott til ikkje-statlege flyplassar til det regionale folkevalde nivået som særskilt fordeling. Det vil vera opp til regionane å vurdere om slike tilskott skal prioriterast. Vidare står det at fleirtalet meiner oppgåva med kjøp av innanlandske flyruter kan overførast til regionalt folkevalgt nivå. Samstundes står det at fleirtalet ber regjeringa utgreia om ordninga med kjøp av innanlandske flyruter kan overførast til dei nye folkevalde nivåa.

Fleirtalet støttar departementet i å vurdere om nye folkevalde regionar kan få eit koordineringsansvar for utbygging av digital infrastruktur.

Tilrettelegging for næringsutvikling

Fleirtalet støttar meldinga sitt forslag om at nye folkevalde regionar får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale verkemiddelaktørar for forskning, innovasjon og næringsutvikling. Fleirtalet støttar regjeringa sitt forslag om at folkevald regionar samtidig blir RFF-regionar (Regionalt forskningsfond), og at program for mobilisering til forskningsinnsats blir organisert på same måte. Fleirtalet viser til at talet fonsregionar blir det same som talet nye folkevalde regionar.

Fleirtalet ber regjeringa vurdere om det er oppgåver som i dag ligg innanfor Innovasjon Norge, som kan overflyttast til dei nye folkevalde regionane.

Fleirtalet meiner at regionane, dersom dei blir store nok, kan behalda fiskeri- og havbruksoppgåvene som fylka vart tilført i 2010. Fleirtalet støttar regjeringa i føresetnaden om at regionane vert større, for å styrka feltets fagmiljø og kompetanse i regionane.

Utdanning og kompetanse

I meldinga vart det varsla ei stortingsmelding om fagskolar som skal leggest fram i løpet av 2016. Ansvaret og oppgåvene til det regionale folkevalde nivået på fagskoleområdet vil her bli vurdert og avklara. Fleirtalet i komitéen meiner at ansvaret for fagskolane fortsatt skal ligga i det regionale folkevalde nivået.

Kultur

Fleirtalet er opptatt av å sjå på korleis den nasjonale kulturpolitikken kan ivaretakast, korleis kvaliteten best kan sikrast i det profesjonelle kunst- og kulturlivet, før nye oppgåver vert tildelt det nye folkevalde nivået. Fleirtalet viser til at det i meldinga vert tatt sikte på å overføra nye oppgåver og meir ansvar til større folkevalde nivå.

Klima og miljø

Fleirtalet i komitéen støttar tilrådinga om å overføra oppgåver og funksjonar på kulturminnefeltet frå Riksantikvaren til folkevald regionalt nivå. Fleirtalet i komitéen ber regjeringa gjennomgå fylkesmannen sine oppgåver knytt til klima- og miljøoppgåver, og i størst mogleg grad la tilsynsoppgåvene bestå hos fylkesmannen, medan dei andre oppgåvene vert vurdert flytta til folkevald regionalt nivå.

Eit fleirtal i komitéen støttar forslaget i meldinga om å overføra skjærgårdstenesta frå fylkesmannen til det nye regionale folkevalde nivået. Dette fleirtalet er positiv til at det vert vurdert å flytta ansvar knytt til dei statleg eigde friluftseigedommane til dei nye folkevalde regionale nivåa.

Integrering

Fleirtalet meiner at nokre oppgåver kan flyttast frå IMDi til regionalt folkevald nivå. Fleirtalet går inn for at Stortinget ber regjeringa i samband med regionreforma styrka nytt regionalt folkevald nivå si rolle i integreringsarbeidet i samband med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommunar, næringsliv og frivillig sektor.

Statleg lokaliseringsspolitikk

Fleirtalet i komitéen viser til avtalen mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre, om lokalisering av statlege arbeidsplasser. Fleirtalet meiner at lokalisering må særleg vurderast i nye regionsentre, også utanom dei store byane. I samband med dette skal også direktorata sine oppgåveporteføljer vurderast.

Statlege ansvarsområde

Fleirtalet i komitéen er positiv til at regjeringa parallelt med regionreforma også vurderer strukturen på fylkesmannsembeta. Det er også eit fleirtal i komitéen som støttar regjeringa sitt forslag om å gjennomgå dei statlege regiongrensene i lys av dei nye grensene for folkevalde regionar. Fleirtalet i komitéen ber om at regjeringa tar ein ny gjennomgang med sikte på å overføre ytterlegare oppgåver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt. Herunder vert det vurdert oppgåver frå direktorat/tilsyn/regional stat. Regjeringa vert bedt om at det våren 2017 vert nedsett eit ekspertutval som skal foreslå nye oppgåver til regionane.

Valordning

Fleirtalet støttar at valordninga for stortingsval vert vurdert grundig i ein eigen prosess.

Tannhelse

Det var ikkje fleirtal i komitéen for eit framsett forslag om at stortinget ber regjeringa sørge for at regional folkevald nivå framleis har ansvaret for tannhelse.

Komitéen si tilråding

Komitéen tilrår at:

«Stortinget ber regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt og senest våren 2017.»

«Stortinget ber regjeringen i regionreformen sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regioner.»

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med regionreformen styrke nytt regionalt folkevalgt nivå's rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.»

Fylkesrådmannen sin kommentar

Komitéinnstillinga vidarefører ambisjonen i Meld. St. 22 (2015–2016), om å etablere ein ny regionstruktur med omlag 10 folkevalde regionar. Innstillinga er langt meir open for å tilføra regionane nye oppgåver og ansvar utover det som er skissert i stortingsmeldinga. Slik det no er lagt opp til vil strukturen først bli fastlagt, så vil ein på bakgrunn av eit ekspertutval koma tilbake med oppgåveportefølja. Fylkesrådmannen tilrår at forhandlingar med nabofylka vert ført vidare, for å søke einigheit om geografisk inndeling, oppgåver og struktur i ein ny region på Vestlandet.